



Til kommunane i
Hordaland og i Sogn og Fjordane

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Orientering om tildeling av midlar til kommunen som barnehagemyndigheit - rettleiing om regelverk på barnehageområdet

Etter § 8 i barnehagelova skal kommunen gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Dette betyr mellom anna at kommunen som barnehagemyndigheit må informere private og kommunale barnehagar om barnehagelov og rammeplan, og eventuelle endringar i regelverket.

I løpet av dei siste åra har det vært endringar i barnehagelova (mellom anna §§ 19 a-19 h) og blitt innført ny rammeplan for barnehagar. I desse dagar er eit forslag om innføring av nye reglar om psykososialt barnehagemiljø til høyring. Det er også foreslått andre regelendringar på barnehageområdet i denne høyringa.

Det er viktig at kommunen som barnehagemyndigheit gjer desse endringane kjent for private og kommunale barnehagar. Fylkesmannen i Vestland vil i nær framtid tildele kommunane i alt 2.8 millionar kronar til dette føremålet. Midlane vil bli fordelt etter tal barn i barnehage, men med eit mindre grunnbeløp som er likt for alle kommunar.

Midlane skal nyttast til informasjon og kompetanseheving om regelverk på barnehageområdet. Kommunane avgjer om dei vil samarbeide regionvis om arbeidet med regelverksforståing. Det er ein føresetnad at midlane kjem både private og kommunale barnehagar til gode. Dette må sikrast uavhengig av korleis ein praktisk gjennomfører og organiserer denne oppgåva. Midlane kan nyttast i 2020. Dersom det er kommunar som vurderer at dei *ikkje* kan nytte seg av ein slik tildeling, ber vi om ei tilbakemelding om dette snarast.

Med helsing

Anne Hjermann
Utdanning og verjemålsdirektør

Marianne Svege
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: PBL

